



Byggesaksavdelinga

Kjell Langenes
Sandlihovden 39
5254 SANDSLI

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3458 - 16/1692

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
26.01.2016

Utsleppsløyve for to hytter - gbnr 60/40 og 60/41 Langenes

Administrativt vedtak. Saknr: 048/16

Tiltakshavar: Steinar Remme (GBNR 60/40), Kjell Langenes (GBNR 60/41)

Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

Søknadstype: Forureningslova § 11, jf. forureningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREILING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for 2 stk hytter under oppføring på gbnr 60/40 og 60/41. Det er ikkje kjøreveg fram til tomtene. Kloakken skal difor pumpast gjennom leidning i borehol til slamavskiljar i godkjent avstand frå kjøreveg. Avløpet frå slamavskiljaren går i leidning med sjølvfall gjennom det same boreholet tilbake til hyttetomtene og vidare ut i sjøen på 20 m dypne.

Storleiken til utsleppet er opplyst til å vera 10 pe.
Det vert elles vist til søknad mottatt 13.11.2015.

Prosjektering og utføring

av avløpsanlegget ligg innanfor løyve til tiltak for dei to hyttene: Gbnr 60/41 den 26.03.2013 og gbnr 60/40 den 02.11.2015. I begge desse sakene har Lindås Rør & Sanitær AS fått godkjent ansvarsrett for vath og avløp utvendig og innvendig.

Planstatus

Post postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsentret Dokumentsentret
Kvernhusmyrene Kvernhusmyrene 20, 5914. Isdalstø

Konto 32201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Kontakt

Eigedomen ligg i regulert hytteområde LANGENES. Reguleringsføremålet utenom hyttetomtene er felles friområde. Tiltaket ligg også innanfor 100-metersbeltet langs sjø og er omfattat av byggjeforbotet i pbl § 1-8. Tiltaket er i strid med både LNF-føremålet og byggjeforbotet i strandsona og treng følgeleg dispensasjon for å kunne godkjennast.

Det er søkt om dispensasjon, jf søknad datert 05.11.2015.

Dispensasjonssøknaden vert handsama i eiga sak – administrativt vedtak 047/16.

Naboavarsel , privatrettslege tilhøve

Tiltaket er ikkje naboavarsla. Ingen andre naboar vert berørt enn eigaren av gbnr 60/2, som store deler av anlegget ligg på. Avtale mellom partane i saka er vedlagt søknaden.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i situasjonsplan datert 21.09.2015.

Reinseløysing

Utsleppet frå eigedomane skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Utsleppspunktet er opplyst ligg på 20 m.

Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsomt område.

Avløpet frå hyttene skal pumpast gjennom borehol i fjell til slamavskiljar nær kjøreveg, med overfløp frå slamavskiljar tilbake i borholet og utslepp til sjø. Løysinga er også lagt fram for teknisk drift.

Dette anlegget kan gå inn i den ordinære tömmeordninga og medfører ingen ekstrakostnader i samband med slamtømming, og heller ikke driftskostnader ut over drift av pumpestasjonen ved hyttene. Det er lagt privatrettsleg avtale om plassering av leidningar, pumpestasjon og slamavskiljar. Og det er søkt om dispensasjon for plassering av heile avløpsanlegget, på land og i sjø. Det må søkast til Bergen og omland havnevesen om løyye til å legga leidning i sjø.

Kommunen prøver å legga opp til felles løysingar med lägast mogeleg driftsutgifter, både for privatpersonar og for det offentlege. Det er regulert ei hyttetomt til, som skal grensa mot gbnr 60/40, men denne er ikkje frådelt pr i dag. Denne tomta bør absolutt kunna koplast til det same anlegget i pumpekummen på ein enkel måte. Korvidt det skal leggast inn reservekapasitet på slamavskiljar eller utviding/utskifting av slamavskiljar når det er aktuelt, vil vera opp til tiltakshavarane. Eventuelle nye eigedommar som skal kopla til anlegget, må søka om eige utsleppsløyye.

Drift og vedlikehald

Slamavskiljarar knytt til heilårsbusadar eller fritidsbusadar skal tömmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare ein kvart 2. år for heilårsbusadar og kvart 4. år for fritidsbusadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13. Eigedommene skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga.

VURDERING

Naudsynte slamavskiljar skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga, jf Forskrift for slamtømming. Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grunder og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett

- Egedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter fra køyrbart bilveg
- Egedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter fra køyrbart bilveg.

Sjøresipienten i området vert vurdert som god. Administrasjonen vurderar at registrerte friluftsinteresser i området ikkje er til hinder for å kunne gje utsleppsløye. Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 21.09.2015.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa § 8 – 12 i naturmangfaldlova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nyttar rettleiing frå fylkesmannen i Hordaland. I Naturbasen er sjøområdet Austevågen - nordre Langenesvågen registrert som «kartlagt friluftlivsområde». Administrasjonen er ikkje kjend med at det er andre særskilde interesser i området.

Godkjenning etter anna lovverk

Tiltaket krev at det vert gitt løyye til tiltaket etter reglane i plan- og bygningslova og hamnellova. Det er søkt om dispensasjon frå LNF-fremållet og byggjeforbodet i strandsona, if pbl § 1-8.

Utføring av arbeidet inngår som tekniske anlegg i leidninga for dei to hyttene, der Lindås Rør & Sanitær AS har ansvar for PRO og UTF for sanitæranlegg

Søknad om løyye etter hamnellova vert å senda av Bergen og Omland Havnevesen for handsaming..

Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på tiltakshavarane sine eigedommar og delvis på eigedomen gnr/bnr. 60/2. Det ligg føre avtale om plassering av anlegg/leidninga på gnr 60/2, datert 14.10.2015

VEDTAK:

Med heimel i forureningslova § 11, forureningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløye for utslepp frå 2 hytter via slamavskiljar til sjø på følgjande vilkår:

1. Utsleppet skal førast i tett og nedgraven leidning til sjø på minimum 10 meter djupne.
2. Anlegget skal plasserast slik det går fram av kart datert 21.09.2015 .
3. Avtale om plassering av anlegg og leidningar på gnr 60/2 skal tinglyst på alle 3 eigedommane.
4. Slamavskiljaren skal vera av godjent type, og plasserast slik at han kan tömmast innanfor den ordinære kommunale tömmeordninga, i samsvar med forskrift for slamtømming, godkjent av kommunestyret 24.06.2004.
5. Det bør leggast til rettes for at andre eigedommar i området kan kopla seg til anlegget på eit seinare tidspunkt.
6. Det skal leggast til rettes for tilkopling for den tomta som er regulert inn søraust for gnr 60/40 (tomt nr 1 i reguleringsplanen *hytter på Langenes*).
7. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjent avløpsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

8. Arbeid med etablering av anlegget kan ikke ta til før det legges til rette for loyv til tiltak i sifø etter hamneova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvalting (fv). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker fra melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er posttagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Iklagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstattning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følger føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før loyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av loyve

Er arbeidet med etablering av avlopsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at loyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Tilsyn, endring og opphøyr av loyvet

Kommunen er forureiningsstyremak og fører tilsyn med at føresegner, loverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyremakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlopsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegget si ytting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført service og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyremakta oppheva eller endra villkåra i utslepsloyvet, setja nye villkår og om naudsynt kalla tilbake loyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3458

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen og omland havnevesen
Lindås Rør & Sanitær
Solhytten AS

Postboks 6040 5892
Brukholvane 1 5914
Welhavens vei 4 4319

Mottakarar:

Kjell Langenes
Steinar Remme

Sandslihovden 39 5254
Steinviksvegen 5239
404 B

BERGEN
ISDALSTØ
SANDNES

SANDSLI
RÅDAL